



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
20.03.2018  
Dykkar dato  
07.03.2018

Vår referanse  
2012/13156 421.4  
Dykkar referanse

Vidar Mjøs  
Fabrikkgt 7B  
5059 BERGEN

### **Radøy - gnr 27 bnr 12 - detaljreguleringsplan Kvalheim Øvre - motsegnspraksis**

Me viser til tidlegare brev frå deg datert 12.02.2018 og vårt svarbrev datert 06.03.2018. I nytt brev av 07.03.2018 vert det bedt igjen om at Fylkesmannen vurderer vegvesenet og kommunen si oppfatning og praktisering av motsegn er i samsvar med pbl § 5-4 og rundskriv H-2/14.

Fylkesmannsembetet har sidan 2013 hatt ei samordnarrolle i plansaker der det er reist motsegn frå statlege etatar. Det inneberer m.a. at det vert sendt ein samla uttale frå statsetatane i saker der det er motsegn til eit planforslag.

Så langt me kjenner til har ikkje planforslaget i denne saka vore lagt ut til offentleg ettersyn slik at det heller ikkje har vorte reist motsegn til planforslaget. Fylkesmannen har såleis ikkje hatt noko samordnarrolle i denne saka.

Me har ikkje ytterlegare merknader i saka.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Statens Vegvesen, Region Vest    Postboks 43                    6861    LEIKANGER  
Radøy kommune                    Radøyvegen 1690    5936    Manger